



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Martin Søgner, 5764 3079

Uttale - Landbruksveg - velteplass - Alver - 187/2 - Åse Søndre

Vi viser til høyring på søknad om bygging av velteplass i forbindelse med ein skogsveg på gnr. 187. bnr. 2 i Alver kommune. Velteplassen er allereie lagd. I søknaden står det om tiltaket at det vil gi tilgang til 241 dekar, 108 dekar er produktiv skog med 3000 kubikk med hogstmoden skog. Interesser i vegen er opplyst å vere 100 prosent skogbruk. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier* § 3-1, jf. § 1-1.

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen*»

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdier som vert råka av dette veganlegget. Vi har heller ikkje nokon merknader til landbruksinteressene.

Vi vil derimot minne om korleis kart skal leggst ved søknaden, og krav til kva desse skal innehalde. Det går klart fram av søknadsskjemaet som følger med søknaden korleis det skal vere.

Med helsing

Martin Søgner
rådgjevar